



Notat

Til: Jon Askeland, Jarle Landås

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Arthur Kleiveland

Vår referanse: 14/1134 - 15 / FE - 000, HistSak - 12/269

Dato: 25.09.2014

Emne: Spørjetimen i KS 18.sept. 2014 - spørsmål og svar

Spørsmål frå Silje Namtvedt, Radøy Senterparti:

Leksehjelp Leksehjelp vart som kjent innført for nokre år sidan til 1.-4. klasse. I år er det opp til kvar enkelt skule kven som får tilbodet. Eg lurar difor på:

Korleis er dette tilbodet organisert på skulane i Radøy, og kva klassar får tilbod om leksehjelp. Korleis vil dette tilbodet verte på sikt?

Kan ordføraren gje oss politikarar informasjon om dette?

Svar på spørsmål frå Silje Namtvedt (SP):

Våren 2014 visste grunnskulen i Radøy at regelverket rundt leksehjelp ville bli endra. I denne situasjonen gav rådmannen rektorane ved barneskulane ansvar for å finna ordningar som kunne vera høveleg ved deira skule og samstundes i tråd med nytt gjeldane lovverk. Desse ordningane er slik i 2014/15:

Austebygd

Organisering: 30 min fire dagar i veka (midt på dagen)

Årstrinn med tilbod: 1. – 4. trinn

Hordabø

Organisering: 3. og 4.trinn – som Austebygd. 5. og 6.trinn - ein time etter skuletid måndag og onsdag

Årstrinn med tilbod: 3.- 6. trinn

Manger

Organisering: Ein time etter skuletid måndag og onsdag.

Årstrinn med tilbod: 4. – 7. trinn

Sæbø

Organisering: Ein time etter skuletid måndag og onsdag.

Årstrinn med tilbod: 4. – 7. trinn

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



I løpet av 2015 vil rektorane og administrasjonen sjå på ordninga og vurdere korleis den fungerer på dei ulike skulane. Dersom det er aktuelt med endringar eller justeringar, vil vi vurdere om dei skal resultera i ei lik ordning for heile kommunen, og om leksehjelpa i si heilheit skal leggjast til ungdomssteget.

Spørsmål frå eldrerådet i Radøy

Tannhelsetenesta i Radøy:

Radøy eldreråd har registrert i media at den offentlege tannhelsetenesta i Radøy skal flyttast til Knarvik. Fylkeskommunen vil altså at kontoret på Manger skal leggjast ned og tenestene skal flyttast til Knarvik. Eldrerådet vil med dette spørja administrasjonen og politikarane i Radøy om dei har teke initiativ til å få behalda den offentlege tannklinikken på Manger. Rådet vil også be om svar på korleis ein meiner det nye tilbodet vil påverka tenestene til innbyggjarane våre.

Lang reise, auka kostnad og høg terskel for brukarane er konsekvensane me les ut av ei flytting til Knarvik.

Radøy eldreråd v/Norvald Elvik (leiar)

Svar på spørsmål frå eldrerådet i Radøy Ordførar ser med stor uro på fylkestannlegen si utgreiing om framtidig struktur på tannhelsetenestene i Hordaland fylke. Men, det er også mi vurdering at saka må løysast på vanleg måte. Saka skal gjennom både fylkeskommunal administrativ- og politisk handsaming før den vert sendt på høyring. Regionrådet bad fylkestannlegen koma og gjera greie for rapporten sist fredag, men fylkestannlegen ynskte ikkje å delta før høyringsprosessen er i gang. Dette understrekar at me må ta «kampen i rett tid på rett måte». Eg ser mange moglege utfall i denne saka, og er trygg på at me saman skal arbeida aktivt for innbyggjarane sine interesser i saka.

Spørsmål frå Christel Villanger Håland, Radøy Høgre:

1) Korleis står det til med det nye bustadfeltet på Mangersneset? Kor langt er utbyggjar komt i planlegginga og veit kommunen noko om når det er tenkt "klart"?

2) I det nye feltet på Langhøyane, som kommunestyret hadde oppe til sakshandsaming i vår/ tidleg sommar, vart det lagt fram kart og planar. Kommunestyret fekk innsyn i tomtar, vegar ol. Spørsmålet eg har fått frå innbyggjarar i kommunen og som eg ynskjer å stilla går på om det stemmer at dette kartet no i seinare tid har endra farge på nokre områder?

Isåfall kvifor og korleis vert slike saker orienterte til dei naboar som kunne ha interesse av forandringar?

Svar på spørsmål frå Christel Villanger Håland (H):

1. Mangersneset er sett av til bustadområde i kommuneplanen, men utbygging av området krev reguleringsplan. Kommunen mottok skisse til arealbruk for området 20.08.14, og har gitt tilbagemelding på denne. Vidare framdrift er m.a. avhengig av kor tid forslagsstillar formelt sender inn framlegg til reguleringsplan. Når planframlegget kjem inn til kommunen skal dette handsamast i HPLT for vedtak om utlegging til 1. gangs høyring og offentlig ettersyn (6 veker). Framdrift i vidare prosess vil mellom anna vere avhengig av uttalar og eventuelle motsegn, som vil påverke om planen av den grunn må endrast og sendast på ny høyring. Den fysiske utbygginga vil vere avhengig av at reguleringsplan og utbyggingsavtale er på plass.

2. Det er ikkje gjort endringar i arealbruk i planen etter at kommunestyret gjorde endeleg vedtak 26.09.13.

Spørsmål frå Radøy ungdomsråd

For snart 7 år sidan vart ID-fag kutta frå skulen, no er budsjettet til sløyd og tekstil kutta med over halvparten, hvorfor kuttet det så mye i praktiske fag i skolen som er med på at elevane for ein meir

varierte skuledag?

Radøy ungdomsråd v/Thomas F. Valdersnes (leiar)

Svar på spørsmål frå Radøy ungdomsråd

Forsøket med ID fag vart avslutta mellom anna med bakgrunn i økonomi og andre prioriteringar på ungdomsskulen. Etter den tid har Radøy og Austrheim sidan 2010, som dei einaste kommunane i Nordhordland, delteke i Udir sitt forsøk med arbeidslivsfag. Arbeidslivsfag er eit alternativ til 2. framandspråk og fordjuping i norsk/engelsk, og er særskild praktisk retta med berre 20% teori og 80 % praktiske aktivitetar. I dag har arbeidslivsfag blitt i eit fag som alle ungdomsskular i landet kan tilby, mellom anna på grunn av dei positive erfaringane som forsøkskulane rapporterte om. Dette faget er ressurskrevjande å drive, mellom anna på grunn av krav til gruppestørrrelse og innkjøp av naudsynt utstyr og verkty. I tillegg til arbeidslivsfag har det i løpet av dei tre siste åra blitt innført ei rekkje valfag for alle elevar på ungdomsskulen. Dei aller fleste av desse valfaga er særskild praktisk retta, og nokre av desse er også kostnadskrevjande av same grunnar som ovanfor nemnt.

Både arbeidslivsfag og valfag er såleis døme på endringar som har blitt innført i skulen for å få meir praktisk og variert undervisning dei siste åra. Det er til ei kvar tid rektorane på dei einskilde skulane som har mynde til å gjere prioriteringar innafor eige budsjett og eigne rammer. Det er ikkje lagt opp til noko felles reduksjon som gjeld praktiske fag som til dømes kunst og handverk. Nokre av skulane har gjort store, betydelege og kostnadskrevjande innkjøp på desse områda dei seinare åra, og ei reduksjon av innkjøpsbudsjettet vil dermed ikkje bety det same som at elevane får eit mindre variert og praktisk tilbod.

Gjennom dei frie midlane skulane og rektorane får til disposisjon kvart år i sine økonomiske rammer må dei prioritere alle innkjøp skulane skal gjere til mellom anna lærebøker, fritt skulemateriell, inventar, utstyr til ulike fag, datamaskiner, pultar og stolar. Det vil difor alltid vere slik at noko innimellom må prioriterast ned for å kunne prioritere noko anna opp. Til dømes har ungdomsskulen i år måtte prioritere innkjøp av eit heilt klassesett med nye elevdatamaskiner og nye pultar og stolar til eit heilt klasserom. I slike tilfelle vil ein til dømes måtte prioritere ned innkjøp til mellom anna sløyd og tekstilforming.

Spørsmål frå Hogne Straume/Helge Straume

Vyrde Ordførar og Radøy heradstyre!

Me vil med dette stilla spørsmål kring avtalen som teknisk kontor har framforhandla med BKK om bruk og opprusting av den kommunale vegen til Åsheim på Straume i samband med kabel og linjeanlegget Mongstad- Kolsnes. Me har forstått at det er forhandla fram eit framlegg til avtale som forutset ei viss opprusting, utan det er krav til noko normert standard eller vegklasse som vegen skal halda korkje før anleggsdrifta tek til, eller etter at anlegget er ferdig.

Me meiner det er uforsvarleg å setja anleggstrafikk på vegen utan at han får ein vegklasse som skal tola den belastninga.

Ei lita historisk oppsummering:

Åsheimvegen vart bygd på slutten av 60 talet, som jordbruksveg fram til bureisingsbruka Hesthovden og Åsheim. Han vart og tiltenkt som utgangspunkt for vinter-traktorvegar i Skogen på Straume. Då vegen var ferdig, overtok kommunen han.

Åsheimvegen har 6t. akslingstrykk, er ein lang smal veg utan møteplassar, med svake kantar, dårlege stikkrenner og drenering. Han ligg over myrar med eit tynt bærelag og utan duk eller geonett. Det skal ikkje så mykje til, spesielt i nedbørsrike periodar, for at han får skadar.

Utløpet frå 70dekar dyrka mark hjå meg, og størsteparten av det dyrka arealet hjå Helge Straume på Åsheim, går i stikkrenner gjennom vegen. Det er svært uheldig dersom den vert køyrd att i ein nedbørsrik periode.

I 1994 kom skogbrukssjefen i Radøy med planar frå fylkeslandbrukskontoret om heilårs skogsbilveg frå Åsheim og ned gjennom skogen på Straume og også litt inn på Soltveit.

Oppsitjarane på Straume var ikkje så entusiastiske til planane sidan kommunevegen

hadde ein lågare standard og akslingstrykk. Det vart då sagt at det kom nok til å verta ei råd med det. Det skulle verta 10t. veg heilt ut til hovudvegen. Så gjekk me med på å byggja Skaråsvegen som bilveg. Det vart planlagd opprusting av kommunevegen . Og når Skaråsvegen nærma ferdig, hadde det komme vegduk og geonett på plass på Åsheim. Det vart trekk inn att, etter avgjer, frå dåverande kommuneingeniør Tobjørn Pedersen.

Skogsbilvegen utløyste krav om pliktig hogskvantum dei fyrste åra. Då vart det gjeve løyve til uttransport av ein del tømmer med tømmerbil med tilhengjar. Då vart veggen skada over nokre av myrstrekja. Ein gongen svikta kanten på veggen, og tilhengjaren velta.

Så nokre år seinare nytta fylkeslandbrukskontoret seg av jordskifteretten som dei hadde kontorfellesskap med, til å skaffa vegrett til Skaråsmyra på Soltveit, inn på skogsvegane til Straume og ut på veggen på Åsheim. Det var altså mot oppsitjarane på Straume sin vilje. Skaråsmyra vart så seld til Andre Michelsen som nyttar ho til juletreproduksjon

No i høve kraftlina til Kolsnes, kom det opp at som **eit avbøtande tiltak**, og som **ein generell grunnerstatning til alle oppsitjarane på Straume**, i høve at me får denne lina over oss, over dyrka mark og i nærføring til eit tun. Eit anna alternativ gjekk i utmark over i Austrheim, det vart vraka. Som eit resultat av ein ikkje heilt vellukka taktikk frå politikkarane i

Nordhordland, fekk me denne traseen. Politikarane låste seg lenge på kravet om kabling. Når det vart dette trasealternativet, har likevel mange politikarar uttalt seg nøgde med det.

På Straume, har BKK fått friviljuge avtalar med grunneigarane om klausulering av areal, skogerstatning, stolpefeste og bruk av vegar, her under også den private Skaråsvegen.

Under desse forhandlingane har det lege som eit grunnvilkår, at Åsheimvegen skulle rustast opp, slik har me også forstått det frå dei som forhandla med oss på vegne av BKK,. Det hadde allereie vorte sett i gong planlegging av det etter oppdrag frå BKK og i samråd med Radøy kommune, vart det sagt. Det vart nemnt namn på eit konsulentfirma i Bergen som hadde teke dette på seg.

Ved ei opprusting før anleggsdrifta byrjar unngår ein skadar på dreneringa frå den dyrka marka som går under veggen og ein unngår at transport av husdyrgjødsel og for og juletrehandel, vert hindra dersom veggen er dårleg i periodar.

Dersom han vert rusta opp før ein tek til med skogrydding, vil skogsentreprenøren sjå seg nytte i meir av virket og ta det med seg ut av skogen, til full oppgjærpris. For oss er det ikkje ynskjeleg at det ligg så mykje tømmer att i terrenget. Det er dårleg ressursutnytting og det ser ikkje fint ut dei fyrste åra.

Under anlegget av landtakingsgrøfta frå Fæsøysundet er det 2000kubikkmeter med fjell som skal utskiftast med m.a. singel, kabelsand og betong. Det er tale om minst 400 billass. Det kan nemnast at ein moderne betongbil i vår tid med lass veg 32 tonn på 6,5 meter samla akslingsavsstand. Det er konsentrert belastning som denne veggen ikkje tåler.

Det er viktig for regulariteten og framdrifta, for dei entreprenørane som får kontraktar av BKK med teneleg veg som ikkje gjev heft og plunder, i anleggstida. Bilar kan gå utføre eller køyra seg fast. Det kan kosta mykje både tid og pengar.

Ved ei opprusting no, får ein høve til å ta "reklamasjonar" på veggen etterpå, når han er grundig prøvd, og sett seg. Og kommunen får ein god og lettstelt veg for all framtid.

Dersom ein ikkje rustar veggen opp til forsvarleg standard, så kan han få strukturelle skadar for ettertida, som kan skjulast til å byrja med av ei overflatefjelga og oppgrusing når anlegget er ferdig.

For gardsdrifta på Straume og for uttransport av tømmer er det viktig med samanknytning av den private skogsbilvegen og det resten av det offentlege vegnett med ein kommuneveg som kan køyrast utan å måtta redusera lasta eller spretta ifrå tilhengjaren. For tømmer inneber reduserte lass reduksjon i tømmer- oppgjeret. Det gjer skogen som etterkvart veks til i området, mindre drivverdig. Åsheimvegen er transportveg for mykje grovforareal og for juletreplantasjen til Andre Michelsen. i Skaråsmyra.

Som grunneigarar og kjende i terrenget ser me det særst viktig å gje tid og merksemd for drenering og grøftar som kan vera tenelege for framtida både for det dyrka og det dyrkbare

arealet som er langs med vegen. Avkøyrslar, møteplassar og tilkomst frå arealet langs vegen, må plasserast slik at det både høver både for gardsdrifta og trafikken. Vegen er også nytta til turveg og er tilkomst til rekreasjon i utmarka mellom Straume, Soltveit, Valdersnes og Skjellvik.

Då lyder spørsmålet vårt som følgjande: Kvifor set ikkje kommunen som vilkår at vegen vert rusta opp til ein normert standard og klasse, før han vert opna for anleggstrafikk?

Har teknisk kontor vore kjend med lovnadane om dette som eit avbøtande tiltak for alle oppsitjarane på Straume?

Vil politikarane vedkjenna seg ei opprusting til ein lågare og meir uviss standard og varigheit, som eit reelt avbøtande tiltak for dei ulemper som folket på Straume vert påført når denne lina kjem over dyrkamark og så nært opp til busetjinga.

Dersom politikarane deler vår uro for kva vegen kan tola og kva som er forsvarleg, vil me oppmoda Dykk til underkjenna det føreliggjande utkastet og krevja at ein endeleg avtale må ha som vilkår at vegen held minst same standard og kapasitet som den private skogsbilvegen, Skaråsvegen, som går vidare frå Åsheim.

Svar på spørsmål frå Hogne Straume – Helge Straume:

Innleiinga til spørsmålet forklarar problemstillinga greitt. Spørsmålsstillinga gjeld den ca 900 meter lange offentlege vegen – Åsheimvegen - eigd av Radøy kommune. Kommunen sette i anleggs- og transportplanen for Mongstad-Kollsnesutbygginga fram krav om at Åsheimvegen skal opprustast.

Dette både fordi BKK skal bruka vegen til tunge køyretøy for store godsmengder i anleggsperioden, og for å ivareta interessene til grunneigarane på Straume for framtidig næringstransport.

Vegeigar Radøy kommune har ikkje sett fram krav om at vegen skal masseutskiftast for å kunna verta normert til evt høgare standard/klasse med 10 tonns akseltrykk,- eit slikt krav vil kosta mange millionar kroner, og kommunen meinte det ikkje var eit rimeleg krav å setja fram.

Dette var den trua også eg levde i fram til i går, og eg ville då sagt at det fekk vera med dette. Men, i går fekk eg tilsendt eit møtereferat frå møte mellom BKK og grunneigarane på Straume 13. juni 2013, som viser at akseltrykkproblematikken er diskutert, og at BKK skriv at det er behov for høgare akseltrykk på denne vegen enn for andre vegar under linja, då det er store godsmengder som skal transporterast inn/ut av anleggsområdet. Likevel står det i referatet tydeleg at BKK snakkar om opprusting av vegen.

Med kunnskap til desse nye opplysingane tok eg kontakt med adv. Harris, som er oppnemnd grunneigaradvokat i saka. Han rår til at det vert tatt initiativ til ein drøftingsrunde mellom BKK, Radøy kommune og grunneigarane om denne problemstillinga. Harris understrekar at det ikkje er grunn til å kritisera Radøy kommune i saka, men at BKK burde vore tydelegare på kva vegopprusting som trengst i møtet med kommunen, all den tid dette har vore drøfta med grunneigarane. Om det er full massesutskifting, eller meir delvis opprustingstiltak som trengst, bør partane kunna einast om, dersom alle er rimelege, meiner Harris.

Når det gjeld framtidig tømmerdrift på vegen, så er utfordringa om at den private tømmervegen har høgare standard/klasse enn den kommunale, den same situasjonen som ved dei aller fleste kommunale sidevegane i Radøy. Då må det søkjast dispensasjon frå akseltrykk,- noko kommunen ofte gjer.

Ordførar håpar eit møte mellom partane finn ei tilfredsstillande løysing, samstundes som eg reknar med at kommunestyret ikkje rår til at kommunen går inn med økonomiske midlar til å utbetra ein veg som i dag berre fører fram til ei hytte, og som elles er ein næringsveg. I lys av dette kan ein reisa spørsmålet om å privatisera vegen for framtida.

Siste del av spørsmålet om å underkjenna avtale med BKK om vilkåra for bruk av Åsheimvegen får også utstå til etter eit møte. Handlingsrommet i saka har visse avgrensingar, då Transport- og anleggsplanen til BKK er endeleg godkjend i NVE.